



FISKERIDIREKTORATET
Region Vest

Reguleringsseksjonen
Postboks 185 - Sentrum
Strandgaten 229
5804 BERGEN

FISKERIDIREKTORATET	
ARKIV	330
26. MAI 2009	
SAKSNT.	DØK.NR.
2009/8363	
U.S. 9	

Sakshandsamar: Paul Jacob Helgesen
Telefon: 48998383
Seksjon: Region Vest kontrollseksjon
Vår referanse: 09/8582
Dykkar referanse:
Vår dato: 22.05.2009
Dykkar dato: 07.04.2009

Att:

HØRING OM NYE REGULERINGSBESTEMMELSER FOR FANGST AV HUMMER SVAR PÅ HØYRING

I samband med innføring av nye reglar kring hummarfiske i september 2008 opplevde Fiskeridirektoratet, både sentralt og i regionane stor pågang med spørsmål. Dette kravde mykje ressursar og det kom etter kvart fram at det ikkje var alt som var like lett å svare på. På den andre sida må ein ta med at alle telefonsamtalene med fiskarar også var lærerikt.

Formålet med dette høyringssvaret vert difor også å vidareformidle den kunnskap Region Vest føler ein har opparbeidd seg gjennom våre erfaringar. Vidare kjem vi med nokon forslag som vi vonar vert vurdert.

Fyrst nokon kommentarar direkte på Departementet sine problemstillingar/forslag:

1) Reiskapsavgrensing for manntalsførte fiskarar, samt vilkår om bruk av merkeregistrert fartøy

Vilkår om bruk av merkeregistrert fartøy er positivt. Strengare avgrensing for deltidsfiskararen er ein i utgangspunktet negativ til. Departementet legg til grunn at ein deltidsfiskar er mindre avhengig av inntektene frå hummarfisket. Det kan også vere omvendt. Fiskarar frå utsatte kystsamfunn har i dag mindre moglegheit til å skaffe inntekt på andre delar av fiskeri på grunn av lang veg til mottak osv. Fisket av hummar er viktig for desse då ein kan oppbevare hummaren i sjøen og levere alt på ein gong. Sjølv om desse personane baserar berre delar av si inntekt på fiskeri, er gjerne hummarfiskedelen ein viktig del for desse. Medan for heiltidsfiskaren utgjer hummarinntektene ein relativt mindre del. Ein ser difor ikkje at ein bør skilje mellom desse to gruppene i hummarfisket.

Ein ber i staden om at det vert innført eit krav om at fiskaren melder seg på fisket der dei med anna gjev opp talet teiner som skal nyttast. Les om dette forslaget nederst.

2) Fluktopning i krabbeteiner for yrkesfiskarar som fiskar krabbe med merkeregistrert fartøy

Med utgangspunkt i at innføring av fluktopning i krabbeteiner vil føre til kostnader og ekstraarbeid for krabbefiskarar, og at det ikkje er lov å fiske hummar med krabbeteiner kjem Fiskeridirektoratet Region Vest med tankar om moglege måtar ein kan unngå dette kravet på.

Dersom ein innfører krav om at yrkesfiskarar som skal fiske hummar for omsetting med merkeregistrert fartøy må melde seg på fisket og registrere talet hummarteiner, vil dette også vere med å redusere problemstillinga med bifangst av hummar i krabbeteiner slik at ein kanskje kan unngå å stille krav om fluktopning for desse. Dette fordi dei som ikkje har meldt seg på hummarfisket ikkje kan levere hummar, og dei som har meldt seg på har bundet seg til eit tal hummarteiner.

Ei mellomløyising kan vere at ein stiller krav om fluktopning i krabbeteiner for yrkesfiskarar som fiskar krabbe med merkeregistrert fartøy og som også skal fiske hummar.

3)Plassering og tal fluktopningar i hummer- og krabbeteiner

Tilbakemeldingane frå fiskarar som har fiska ein del med hummerteiner med fluktopningar på 60 millimeter er at dette fungerer svært bra i forhold til grensa for minstemålet. Nokon opplever at større hummar eller krabbe blokkerer opninga og at det i så fall er grunnen for at ein finn hummar under minstemål i teina.

Ein har mottatt mange telefonar i forhold til ulike teiner og korleis ein skal tolke kravet om to fluktopningar. Det er opplagt at teinene som vert nytta i fisket er svært ulike både i utforming og storleik og at såleis to fluktopningar vil ha heilt ulike resultat. Tolkinga av at regelen må forståast som at ein hummar under minstemål skal ha to vegar ut frå det kammeret/rommet der den elles ikkje ville ha høve til å komme seg ut, verkar logisk og vert greitt mottatt og forstått. *Vi vil likevel råde til at dette kjem klart fram av teksten i forskrifta før neste sesong.*

Når det gjeld § 33 opplevde vi spørsmål om personar på blad B utan merkeregistrert båt kunne operere med 100 hummarteiner. Denne problematikken skjønar vi er rydda av vegen etter innføringa av havressurslova. Vi er vidare samd i at dette må formulerast slik at manntalsførte fiskarar utan merkeregistrert båt er avgrensa til det same talet hummarteiner som fritidsfiskaren, altså 10 istadenfor 20.

§ 33 b) Forbud mot bruk av torskeruser

Fiskeridirektoratet Region Vest er samd i at ein må gjere ei endring slik at det går klart fram at yrkesfiskarar også kan fiske med torskeruser på linje med fritidsfiskarar, og at desse ikkje skal søkje om dispensasjon etter tredje ledd, utan at ein skal nytte fleire ruser og fiske for omsetting. Denne klargjeringa vil også spare regionkontoret for sakshandsamingstid. Ein registrerar at Fiskeridirektoratet vil tilføye "*Dette gjelder også manntalsførte personer*" i andre ledd. Region Vest meiner at det då framleis vil kome nye spørsmål om dette betyr at yrkesfiskarar som ikkje har søkt om dispensasjon for fiske med torskeruser og som vil fiske med t.d. 5 torskeruser, vert avgrensa til 5 hummarteiner, i staden for 100.

Region Vest ber difor om at dette vert formulert slik at det kjem klart fram, til dømes: "Uten hinder av forbudet i første ledd kan alle (manntalsførte- og ikke manntalsførte fiskere) i perioden fra og med 1. oktober til og med 31. desember fiske med inntil 10 torskeruser per person per fartøy. For ikkje manntalsførte fiskere er dette begrenset slik at totalt antall

torskeruser og teiner for hummerfiske til saman ikke overstiger 10 stk. per person og per fartøy.”

Nytt krav om påmelding til hummarfiske

Fiskeridirektoratet Region Vest foreslår at ein innfører krav til at den som skal fiske hummer for omsetting må registrere seg med namn, nummer, fiskarstatus, tal hummerteiner som skal nyttast, og start og stopp i fisket slik at ein har talet stådøgn.

Dette vil gje ei god oversikt på aktørane og innsatsen i hummarfisket med høve til skaffe overordna data på fangst per innsats. Det må stillast krav til at den som fiskar hummar og som endrar talet teiner må oppdatere informasjonen.


Ein vil gjennom denne ordninga også opparbeide seg erfaringsdata om eventuelle skilnadar mellom innsatsen til fiskarar som står på blad A og B. På dette grunnlaget kan ein gjere ei god vurdering av departementet sitt forslag om å skilje på talet hummarteiner for fiskarar på blad A og B.

Som nemnt ovanfor er ein annan fordel med forslaget at ein reduserer behovet for innføring av fluktopningar i krabbeteiner for yrkesfiskarar. Dette fordi ein må vere registrert med eit kjent tal hummarteiner for å levere hummar.

I vårt forslag har vi ikkje avgrensa denne plikta til å berre gjelde yrkesfiskaren. Det vil seie at dersom ein fritidsfiskar med maks tillete 10 hummarteiner ynskjer å omsette fangsten må også han melde seg på med talet teiner. Dette er fordi at det ikkje ynskjeleg å få eit hol i vår kunnskap om fangst per innsats når fritidsfiskarar leverar hummar.

Ei innføring av dette vil skape ein ny terskel for fiskarane som skal delta, men Region Vest vurderar det som eit lite inngrep i fiskaren si verksemd at den enkelte må melde seg på. Det vil også krevje noko ressursar frå Fiskeridirektoratet ved regionkontora, men ein vurderar at dette er eit rett og viktig grep å gjere. Om regionane samarbeidar og utarbeidar ein god og enkel måte ein kan registrere deltakarane på vil det ikkje krevje for mykje verken for oss eller fiskaren.

Med helsing



Gunvor Lødøen
seksjonssjef



Paul Jacob Helgesen
rådgjevar

Kopi til:
Trond Ottemo